

Langesund Rotaryklubb

**Rotary**  
Møtereferat



## Referat frå møtet 7.2.2024, veke 6.

Vi var 20 til stades denne kvelden – 19 medlemmer og ein gjest. Møteleiar var Past President **Anne Wiik Stamsø**, i presidentens fråvær. Ingen hadde fødselsdag sist veke, men **Gunnar Kårbø** fyller 80 år søndag 11. februar. Vi gratulerer!

Anne las eit dikt ho også las på møtet vårt for eit år sidan, onsdag 8.2.23, teke frå samlinga Morsomme dikt – sjå ramma.

Det var to **Tigris-innlegg**. **Sissel Berit Hoell**: 4 Global Grants – kvart for 2 mobile klinikkar – som prosjektet Hjelp til Ukraina har søkt om – er nærare endeleg godkjenning. **Helge Grande** takka dei gjer at han kan kome på møta, trass i at han sit i rullestol.



Heldigvis finnes det ingen skam,  
knyttet til det å hente broddene fram,  
for selv om man føler seg ung og sprek,  
er vinterens snø og is ingen lek.



**Kveldens føredragshaldar** var vår eigen **Inge Kaggerud**, som heldt eit interessant seniorføredrag – nesten på dagen 19 år etter at han blei med i Langesund RK onsdag 16. februar 2005.

Inge kjem frå Møsjøen – byen midt i Noreg, som han understreka! – der han kom til verda i 1950. Heile livet har idrett vore ei viktig fritidsinteresse – og han er fremst på biletet til høgre! Alt som 16-åring blei han friidrettsdommar. Han tok examen artium ved Møsjøen gymnas i 1969, og har mange gode minne frå gymnastida, med russerevy og eit aktivt gymnassamfunn.



I 1969 begynte han å studere ved NTH i Trondheim, ved Kjemiavdelinga. Han spesialiserte seg i kjemiteknikk og reguleringsteknikk, med diplom i 1974. Herfrå har han òg mange gode minne – ikkje berre frå det faglege, men også engasjement i Studentersamfunnet, i Fotogjengen. Og det var ved NTH han møtte si kjære **Kari**, som også studerte ved Kjemiavdelinga. Etter ferdig utdanning følgde ¾ år i det militære.

Den første stillinga fekk han ved BVLI på Hjerkin, der han arbeidde med flotasjon – oppredningsmetode for anriking av fattige malmer, ifølgje Store norske leksikon – og han blei Dr. ing. i 1984. Emnet var det han arbeidde med på Hjerkin – optimalregulering av kobberkisflotasjon med anvendelse av matematisk modell, som han gav oss ei fascinerande innføring i.

I 1984 flytta Inge og Kari til Grenland, der Inge først fekk jobb på Rafnes og Kari på Herøya. Stikkord for Rafnes: fabrikk sjef klorfabrikken: produksjonsplanlegging havn; teknisk seksjon petrokjemidivisjonen; logisitikk INEOS Chlor Vinyls Scandinavia. I 1993 fekk òg Inge jobb ved Norsk Hydro på Herøya, der han var til han gjekk av med pensjon.

Inge og Kari hadde lenge ei fin hytte på Majavatn, men dei selde ho etter kvart. 1000 km til hytta er langt! Inge fortalde meir om fritidsinteressene sine, der ski og friidrett står sentralt, som trenar og dommar lokalt og nasjonalt. Også dommaropplæring har han drive med. I Rotary er det da også Rotaryleikane som har engasjert han sterkt, og han var ein av initiativtakarane.

Mange takk for eit interessant kåseri. Ei slik oppdatering er midt i blinken for oss som ikkje var med i LRK da Inge heldt egoføredraget sitt.

Langesund, 9. februar 2024,

*Rolf Theil*